



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1920 - 14/16091

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
30.06.2014

Ferdigattest for bustad - gbnr 137/751 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 153/14

Tiltakshavar: Mette R. og Idar Birkeland
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.09.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.06.2014. I søknaden er det vist til at det gjenstår mindre arbeid som listing og opprydning. Dokumentasjon på at tiltaka er utført skal vera sendt til kommunen innan 25.08.2014.

Skildring

Adresse:	Ikkje fastsatt
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300445904
Bruksareal:	167 m2
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gnr. 137, bnr. 751.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1920

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Idar og Mette R. Birkeland	Våkleivåsen 98	5155	BØNES
----------------------------	----------------	------	-------

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------